



# Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Eldrerådet	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Formannskapet	
	Heradsstyret	
	Ungdomsråd	

Sakshandsamar:	Sektor for oppvekst, undervisning og kultur	Linda Judith Svidal Nordås	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 23/2849	Klassering:

### Orientering om namneendring på avdelingar

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

#### Saksopplysningar:

Dei to siste årene har det skjedd store endringar hos Osterøy bibliotek og Osterøy kulturskule. Begge avdelingane har fått tilført nye arbeidsoppgåver og saksområde, og sett i lys av dette har begge stader gjennomført prosessar for å endre namn på husa.

Dei nye namna er:

- **Osterøy kultursmie** – i daglegtale Kultursmia – tidlegare Osterøy bibliotek
- **Osterøy ressurssenter for kultur og språk** – i daglegtale Ressurssenteret – tidlegare Osterøy kulturskule.

#### Bakgrunn

Osterøy kultursmie (tidlegare Osterøy bibliotek) har fått utvida sitt saksområde til å dekke følgjande områder:

- Bibliotek
- Idrett
- Kultur
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Frivilligheita
- Barne- og ungdomsarbeid (universelle tiltak)

**Osterøy kultursmie** består av to team; *Biblioteket* med ansvar for «ordinær» bibliotekdrift etter Lov om Folkebibliotek, og av team «*Idrett, frivillighet og kultur*». På Kultursmia har biblioteket same tal tilsette som tidlegare. I 1 etg, der team Idrett, frivillighet og kultur held til, er det følgjande heimlar:

- Kultur- og ungdomskonsulent, tidlegare ungdomskoordinator, 60 % stilling. Stillinga er dermed auka frå 50 % som var det politiske vedtaket, til 60 %. Siste 10 % vert finansiert ved ulike prosjektmidlar, eksempelvis frå Vestland fylke.

- Idrett- og ungdomskonsulent, midlertidig prosjektstilling 100 % ut 2024. Delfinansiert ved hjelp av BUFDIR midlar.
- Frivilligkoordinator 100 %. Viser til eige politisk vedtak.
- Barne- og ungdomsarbeidar, 30 %, midlertidig stilling, til å drifte ungdomsklubben. Finansiert ved hjelp av midlar frå BUFDIR.

Ein ser på ulike digitaliseringsløysingar og samarbeidsprosjekt med andre kommunar for å frigjere meir leiarkapasitet hos leiar for Osterøy kultursmie. Dette er på veg.

**Osterøy ressurssenter for kultur og språk** (tidlegare Osterøy kulturskule) har fått utvida sitt saksområde til å dekke:

- Kulturskule
- Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken
- Innføringstilbod i Grunnleggande norsk for nykomne, framandspråklege barn (Forsterka norsk).
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk: Prosjektarbeid.

Det er ikkje auke i stillingar i kommunen på grunn av denne organiseringa. Det er overført 2,2 årsverk frå tenesteområdet for skule/Osterøy ungdomsskule, der innføringstilboden var lokalisert og organisert skuleåret 22/23. I tillegg er det lagt på 0,4 årsverk som midlertidig prosjektstilling til «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk», som er finansiert via midlar frå UDIR. Her er leiingsressursen løyst ved at rektor har fått noko redusert undervisningsplikt. Dette har ikkje gått ut over barn og unge. Vi ser likevel at det har fått konsekvensar i form av at rektor ikkje har kapasitet til å delta i overordna kommunale prosjekt som «Leve heile livet» og «Omsorg +». Dette er uheldig.

Ressurssenteret er som Kultursmia, organisert i to team; *Kulturskule*, inkludert Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken, og *Forsterka norsk*. Kompetanseløftet er eit prosjekt som per i dag ikkje ligg i teamorganiseringa, men heilskapen på Ressurssenteret vil bli vurdert på nytt når prosjektpérioden går ut i juni 2025.

Begge einingar har gjennom ei drøftingssemje med fagforeiningane fått mogelegheit til å ha teamkoordinatorar på sine team. Det vert vurdert fortløpende kvar dette er hensiktsmessig, med verknad for eit år om gangen. Ein har difor god fleksibilitet i å justere administrative ressursar.

Løysinga med teamkoordinatorar gjeld òg for siste avdeling i Kultur og mangfold, Osterøy integrerings- og læringssenter, som kan ha ein teamkoordinator for *integrering* (flyktning) og ein for *læring* (vaksenopplæring). For Kultur og mangfold, som har mange fagområde, mykje juss som skal følgjast opp, men relativt små budsjett og få tilsette sett i lys av tal saksområde, vart ei løysing med teamkoordinatorar utan formelt leiaransvar vurdert som beste løysing. Teamkoordinatorane har eit administrativt ansvar for å koordinere den daglege drifta saman med leiar, samt å vere med å sikre den faglege utviklinga på sitt fagområde.

Som ein del av dette arbeidet, har vi i budsjettarbeidet rydda og oppretta fleire ansvar slik at vi heile vegen har best mogeleg økonomisk kontroll på fagområda.

Endringane i namn vert gjennomført gradvis ut over hausten, og skal ha full verknad frå 1. januar 2024.

## **Konklusjon**

Orienteringa vert teke til vitande.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost